
**SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035**

1. Informasjon om forslagsstiller				
Namn: AS OSTER TRANSPORT & ENTREPRENØRFORRETNING		Adresse: OSTERØYVEGEN 2642 5283 FOTLANDSVÅG	Tlf: 411 92 597	Epost: veronica@asoster.no
2. Informasjon om eigedom				
Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar		
4	1	Jørund Vevle		
4	2	Anders Hauge		
3. Informasjon om arealbruk idag				
Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan: LNFR				
Kva vart arealet nytta til tidlegare? LNFR				
Kva er bruken i dag? LNFR				
4. Informasjon om ny arealbruk				
Kva ny arealbruk er ønska? NÆRINGSBYGG				
Kva er bakgrunnen for endra arealbruk: Osterøy kommune treng meir næringsareal som kan trekka til seg bedrifter både internt i kommunen og frå nabokommunane. Det føreslegne arealet ligg mellom regulert næringsareal i Gloppe myra og Fv566 (Hansdallina) og er følgjeleg ei naturleg utviding av næringsområdet.				
Gloppe myra har godkjent avkørsle.				
Beskriv omfang av planlagd arealbruk både på land og i sjø: Arealet er planlagd nytta til næringsformål. Fordelen er at feltet ligg i inntil eksisterande næringsareal og ein kan nytta sam infrastruktur.				
Ei utviding av feltet vil opna opp mot Hansdallina og vera synleg frå fylkesvegen.				



OSTERØY KOMMUNE

Plan

5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk ≈ 1:1000. Underlagskart kan printast ut frå <http://nordhordland.avinet.no/> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggast ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

Grunna plassmangel er det utarbeida eitt situasjonskart i målestokk 1:5000 (A4) og eitt i målestokk 1:1000 (A1).

6. Alle arealinnspelet må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA JA i stor grad NEI

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

Nasjonale forventningar

«...å gje langsiktig retning til areal- og ressursforvaltninga til kommunen. Det er viktig for å samordne bustad-, areal- og transport-planlegginga, fremje næringsutvikling, redusere klimagassutsleppa...»

Forslaget inneber ei utviding av eksisterande næringsareal sentralt på Osterøy i eit område som allereie er etablert til næringsformål. Ein sikrar i tillegg lengre levetid på eit massedeponi sentralt på Osterøy, noko som reduserer behovet for å transportera massar til/frå andre kommunar.

Vidare kan forslaget føra til tilstrøyming av bedrifter frå andre kommunar, noko som kan redusera antal pendlarar og følgjeleg klimagassutslepp.

Demografiske utfordringar

«...det er for liten innflytting...»

Våre nabokommunar har lite næringsareal tilgjengeleg. Forslaget inneber at ein legg til rette for at bedrifter frå andre kommunar kan etablera seg i Osterøy. På sikt kan det føre til auka innflytting og betre balanse mellom ung og gammal.

Miljø- og klimautfordringar


«...kommunen må arbeide for miljøvennlig infrastruktur..» «...og legge til rette for grøn næringsutvikling...»

Forslaget gjeld ei utviding av eksisterande næringsareal i eit etablert næringsområde sentralt på Osterøy. På sikt vil det auka grunnlaget for fleire reisande med kollektivtransport.

Framtidsretta og mangfoldig næringsliv

«Kommunen har ei viktig rolle for å legge til rette for næringsutvikling, spesielt med omsyn til eigna og attraktive areal. I Osterøy må ein ta utgangspunkt både i kva ein har av næringar og kva potensiale desse har for å utvikle seg i grøn retning, men også arbeide for å trekke nye næringar til kommunen...»

Sjå ovanfornemnte punkter

**På side 31 er det ei målsetjingsmatrise med overskrifta:**

Mål: Osterøy skal ha eit framtidsretta og mangfaldig næringsliv innanfor rammene av ein berekraftig utvikling. Osterøy skal vere ein næringsvenleg kommune:

- Kommunen skal vere positiv til næringsetablering
Næringsareal må vera byggjeklare når interessentar melder seg. Slik har det ikkje vore til no og forslaget legg til rette for at ein betrar situasjonen i framtida
- Kommunen skal leggje til rette for næringsetablering gjennom bruk av næringsareal avsett i KPA eller i tilknyting til eksisterande næringsmiljø
Arealet ligg i tilknytning til eksisterande næringsmiljø sentralt på Osterøy
- Kommunen skal vere ein dialogpartnar med omsyn til næringslivet sine utfordringar
- Kommunen skal medverke til at eksisterande levedyktige verksemder får rom til ekspansjon

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:

JA X JA i stor grad _____ NEI _____

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:

Generell arealstrategi

- Berekraftsomsyn skal leggjast til grunn for all arealbruk i kommunen
Sjå ovanfornemnte punkt
- Osterøy kommune skal gjennom arealplanlegginga byggja opp under eksisterande sosial og teknisk infrastruktur, og søkje effektive løysingar for å samordne arealbruk og kommunikasjon
Sjå ovanfornemnte punkt
- Osterøy kommune skal leggje til rette for vekst i tilknyting til eksisterande kommunesenter, lokale sentra og bygder, og gje høve for utviding for eksisterande næringsverksemd
Sjå ovanfornemnte punkt

Område for næring

- Kommunen skal gjennom arealplanlegginga leggje til rette for at lokalt næringsliv skal kunne utvide verksemda gjennom transformasjon og utnytting av tilstøytande areal. Etablering skal skje i tilknytning til eksisterande infrastruktur.
Sjå ovanfornemnte punkt

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:


Skjema skal sendast til epost:

post@osteroy.kommune.no

eller som post til:

**Osterøy kommune
Postboks 1,
5293 Lonevåg**

VIKTIG: Merk oversendinga med «Innspel: Kommeplanen sin arealdel 2023 - 2035» og gnr/bnr. på det aktuelle arealet og namn på forslagsstillar



RETTLEIAR FOR UTFYLLING AV SKJEMA FOR AREALINNSPEL

1. Informasjon om forslagsstiller

Fyll inn namn på person og/eller selskap som fremjar innspele om arealendring, i tillegg til kontaktinformasjon.

2. Informasjon om eigedom

Fyll inn alle gardsnr. og bruksnr. og den personen som står oppført som eigar på dei ulike areaala.

3. Informasjon om arealbruk i dag

Sett inn det arealføremålet som ligg i gjeldande kommuneplan. Kommuneplanen finn du på kommunen si heimeside under «Planar og styringsdokument».

Gje eit kort skildring av kva området har vore nytta til og kva det er nytta til i dag, det vil seia om det er det gamalt landbruksareal, beitemark, badeområde, utfyllingsareal eller liknande.

4. Endra arealbruk

Gje ei kort skildring av kva føremål ein ynskjer å nytta arealet til. Det skal her opplysst om kva eventuelle bygningar skal nyttast til og kva resterande areal skal nyttast til, til dømes tilkomstveg, parkering og liknande. Hugs å ta med alle detaljer.

Grunngje bakgrunnen for kvifor ein ynskjer endra arealbruk.

Gje ei kort oversikt over omfang og storleik på tiltak som er planlagd, det vil sei tal på bygg, lengde og storleik på anlegg, trong for infrastruktur, terrenginngrep og anna som er relevant for å etablera tiltaket.

5. Kart

Avgrensing av arealinnspelet må teiknast inn på eit kart i målestokk $\approx 1:1000$. Dette kan gjerast ved at ein går inn på <http://nordhordland.avinet.no/> Her vil ikkje målestokken kunne setjast til 1:1000 men bruk det som er tilnærma likt. Teikn inn avgrensing av heile området og eventuelle avgrensinger i sjølve arealet dersom det er ynskje om å avsette til fleire ulike føremål.

Dersom det er spørsmål til korleis ein utformar innspele eller det er trong for hjelp til å fylle ut eller teikne inn føremål ver snill å ta kontakt med Osterøy kommune si planavdeling på tlf: 56 19 21 00. Dersom det er ynskje om hjelp eller anna rettleiing kan de òg kome innom til servicetorget eller planavdelinga til kommunen.